

**Notat**Dato: 16.11.2017  
Arkivsak: 2017/16982-2  
Saksbehandlar: erliver

---

**Til:** Fylkestinget  

---

**Frå:** Fylkesrådmannen  

---

**Behov for snu- og reguleringsplassar Kråkenes**

Kollektivtilbodet på Øvre Kråkenes har tre linjer:

- Linje 14: Bønestoppen – Bønnes senter – Øvre Kråkenes – Fjøsanger – Kristianborg – Danmarks plass – Bergen busstasjon (26 turar per dag)
- Linje 15: Øvre Kråkenes - Bønnes senter – Bråtet – Helgeplasset – Sikthaugen – Gyldenpris – Møhlenpris – Sentrum (117 turar per dag)
- Linje 25: Oasen terminal - Hjalmar Brantings vei – Bråtet - Bønnes senter - Øvre Kråkenes – Fjøsanger – Kristianborg – Wergeland - Hagerups vei - Haukeland universitetssjukehus (66 turar per dag)

Det er linje 15 som er hovudlinja til/ frå Bønnesområdet i dag. Linja har 8 avgangar per time i dei mest travle rushperiodane og er dermed ein av Skyss sine mest frekvente linjer. Linje 15 er også ein av linjene med høgast kapasitetsutnytting. Linje 25 er eit viktig tverrgåande samband som gjev samband mot bydelssenteret Oasen i vest, Bergensdalen i aust, samt Haukeland universitetssjukehus og kollektivknutepunkta på Fjøsanger og Wergeland.

Skyss er i gang med revidering av rutetilbod i området. I revideringa av tilbodet tek ein omsyn til følgjande:

- Bybanelinje 2 til Fyllingsdalen vil ikkje få nokon direkte konsekvens for betening av Bønnesskogen og Øvre Kråkenes, men bybanestoppa ved Oasen og Kristianborg blir viktige kollektivknutepunkt som Øvre Kråkenes og Bønnes må knytast opp mot. Både Oasen og Mindemyren er også viktige byutviklingsområde. På Kristianborg vil det blant anna vere mogleg å ta Bybanen vidare til Kronstad, Haukeland sjukehus, Møllendal, Busstasjonen og Sentrum. For å styrke sambandet mellom Øvre Kråkenes/Bønnes og framtidig bybanelinje og byutviklingsområder vert det vurdert å utvide tilbodet på linje 25, då denne linja betener begge dei to bybanestoppa på den nye bybanelinja, samt framtidig byutvikling med tilhøyrande auka kollektivtransportetterspurnad. I tillegg betener linje 25 bybanestoppet på Wergeland, som er eit sentralt bytepunkt for reisande som skal vidare mot Nesttun.
- For sentrumsretta reiser vil hovudtilbodet frå Øvre Kråkenes/Bønnesskogen vere linje 15 som i dag. Lokaliseringa av planlagt snuplass på Øvre Kråkenes er god, og linje 15 gir då alle innbyggjarar på Øvre Kråkenes/Bønnesskogen direkte reisemoglegheit til Bergen sentrum, samt dei viktige

knutepunkta på Møhlenpris og Gyldenpris. Desse to knutepunkta dekker sentrale reisemål og gir mange gode alternativ for vidare reiser i kollektivnettet.

Det er ikkje ønskjeleg å forlenge linje 15 til Fjøsanger fordi sambandet mellom Øvre Kråkenes og Fjøsanger vil bli dekket av linje 25 på ein god måte i framtida. Dobbelbetening av strekninga mellom Øvre Kråkenes og Fjøsanger vil føre til vesentleg auka driftskostnadar for Skyss, då frekvensen på linje 15 er høg – utan å gi vesentleg passasjernytte. Ei forlenging til Fjøsanger vil krevje fleire sjåførar, fleire bussar, og delvis føre til å undergrave passasjergrunnlaget for linje 25. Det er grovt estimert at ei forlenging vil koste om lag 2.100.000 kroner per år med dagens frekvens og kroneverdi.

I tillegg er det heller ingen reguleringsplassar eller sjåførfasilitetar på Fjøsanger. Det har ikkje vore vurdert som ønskjeleg å starte på ein ny reguleringsplanprosess for endehaldeplass på Fjøsanger, då det ytterlegare vil føre til mange år med fråvær av akseptabel løysing for sjåførane. Det er heller ikkje mogleg på noverande stadium å si at endehaldeplass Fjøsanger vil føre til ei vesentleg rimelegare løysing med tanke på investeringskostnadar.

Det bør også nemnast at det er ein risiko ved å forskotere at det er mogleg å etablere endestoppfunksjonar på Fjøsanger utan at det kan komme i konflikt med nærmiljøinteresser. Ved bybanestoppa på Kristianborg og Wergeland er det heller ikkje tilrettelagt endestoppmoglegheit for buss. Ein kan såleis ikkje sjå på noverande stadium at det finst gode, realiserbare alternativ til dei planlagde endestoppfasilitetane på Øvre Kråkenes.

Ei overordna målsetting for Skyss er å flytte ei stadig større del av reguleringa ut av Bergen sentrum. I den samanheng er det heilt avgjerande at det vert tilrettelagt for nye snuplassar med reguleringsplassar og sjåførfasilitetar ute i bydelane, i tillegg til at kapasiteten ved mange eksisterande snuplassar må aukast. Nye snuplassar må lokaliserast slik at ein kan ivareta etterspurnad for kollektivtransport og effektiv logistikk. Øvre Kråkenes passar godt inn i denne skildringa.